

**Fra:** Roald Breistein (Roald.Breistein@hfk.no)

**Sendt:** 13.08.2015 13:53:29

**Til:** 'marie.fraas.aksnes@politikk.kvam.no'

**Kopi:** Kjartan Haugsnes; Birte Bjørkelo; Hogne Haktorson; Torill Vebenstad (fmhotve@fylkesmannen.no); Torill Vebenstad

**Emne:** Selskapskontroll av Storeholmen VTA AS

**Vedlegg:** image001.png

Viser til telefonsamtale tidlegare i dag der det vart avtalt at dagleg leiar i Storeholmen VTA AS skal møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 24.8.15 kl. 15.15 i staden for deg. Dette av di du ikkje har høve til å møte då du skal vera med på eit viktig kommunestyremøte i Kvam herad på same tid.

Du sa også i telefonen at brevet som vart send deg som styreleiar 19.6.15 gjorde at arbeidet vart sett i gang frå Storeholmen si side.

Vi har i dag hatt kontakt med Deloitte og slik vi forsto dei er statusen denne:

- 22.6.15: Deloitte vart kontakta av personalsjef i Storeholmen som medelte at dokumentasjon vill verta send fortløpande
  - Ikkje motteke noko dokumentasjon enno
- Juli 2015 Deloiite mottok e-post frå dagleg leiar der årsberetning og årsrekneskap for 2014 låg ved
- Denne veka: Deloitte har send purring til personalsjef
  - Ikkje motteke svar på denne

Dette betyr at Deloitte enno ikkje har motteke den dokumentasjonen dei her bede om og kan difor ikkje starte opp revisjonsarbeidet. Til di orientering er det over eit halvt år sidan Deloitte ba om å få levert denne dokumentasjonen.

Med helsing

**Roald Breistein**

Seniorrådgjevar

Sekretariat for kontrollutvalet



Pb 7900, 5020 Bergen

[roald.breistein@hfk.no](mailto:roald.breistein@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Tlf: 55 23 94 47 | Mob: 97 50 51 52  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både inngående og utgåande e-post vert vurdert for ev. journalføring i vårt sak- og arkivsystem.*